

BESTILLINGSDOKUMENT FOR FORVALTNINGSREVISJON

TIL: Deloitte AS

FRÅ: Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Prosjektnamn

Forvaltningsrevisjon – Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Bakgrunn

Bakgrunnen for forvaltningsrevisjonsprosjektet er revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016, som vart vedteken av fylkestinget 11. juni i FT-sak 4/14. Dette er prosjekt nr. 8 i planen.

Formål

Formålet med forvaltningsrevisjonen er å få vurdert om kulturminneforvaltninga er organisert på ein føremålstenleg måte og få undersøkt i kva grad fylkeskommunen utfører oppgåver i tilknytning til kulturminneforvaltning i tråd med mål, regelverk og fylkeskommunale vedtak.

Kontrollutvalet vil sjå nærare på dei utfordringane som kom fram i arbeidet med overordna analyse. I revidert plan for forvaltningsrevisjon står det følgjande:

Forvaltningsrevisjon av kulturminnevern

- *Organisering*
- *System og rutinar*
- *Regeletterleving*

I samråd med fylkesdirektør for kultur og fylkeskonservator bytar vi ut uttrykket kulturminnevern med kulturminneforvaltning. Dette er eit meir utfyllande uttrykk, som er meir dekkande for området enn kva kulturminnevern er.

Forslag til problemstillingar

1. Er kulturminneforvaltninga organisert på ein føremålstenleg måte i Sogn og Fjordane fylkeskommune?
 - a) Kva samarbeidsaktørar har fylkeskommunen i arbeidet med kulturminneforvaltning, og korleis fungerer dette samarbeidet?
 - b) Er det samsvar mellom mål og budsjettmidlar innan kulturminneforvaltninga?
2. Kva system og rutinar har fylkeskommunen for å ivareta fylket sitt ansvar for kulturminneforvaltning?
 - a) Er systema og rutinane føremålstenlege for oppgåvene fylkeskommunen skal utføre for å ivareta dette ansvaret?
3. I kva grad følgjer fylkeskommunen opp lover, reglar og nasjonale mål i arbeidet med kulturminneforvaltning?
 - a) Er sakshandsaminga innan kulturminneforvaltnings i tråd med lovverket og delegert ansvar?
 - b) I kva grad følgjer fylkeskommunen opp eigne mål og vedtak i arbeidet med kulturminneforvaltning?

Revisjonskriterium

Aktuelle revisjonskriterium:

- Kulturminnelova
- Plan- og bygningslova
- Kommunelova
- Politiske vedtak
- Andre relevante lov- og regelverk i tillegg til nasjonale føringar

Revisor vert oppmoda om konkretisere problemstillingar og revisjonskriteria. Endelege problemstillingar og revisjonskriterium vert bestemt etter dialog mellom kontrollutvalet, sekretariatet og revisor gjennom handsaming av prosjektplan for oppdraget.

Avgrensing og omfang av prosjektet

Økonomisk ramme: Kontrollutvalet ynskjer ei vurdering av økonomisk omfang ved gjennomføring av denne forvaltningsrevisjonen, og ber om ein plan for dette prosjektet vert utarbeidd innan 22. februar 2016, slik at den kan leggest fram for utvalet i møte 3. mars.

Utvalet ynskjer ferdigstilling av prosjektet innan 1. september 2016 for handsaming i kontrollutvalet 27. september og fylkestinget 18. oktober 2016.

Stad:.....

Dato: 11. februar 2016

Frank Willy Djuvik
Leiar i kontrollutvalet
Sogn og Fjordane fylkeskommune